



# Kulturprisvinnar

2004

## Anbjørg Hellevik og Sølvi Kjerstad

Det kom inn mange forslag til Brattvåg Rotary sin kulturpris for 2004. Det var forslag om einskildpersonar, lag og institusjonar. Det var likvel to personar som peikar seg serleg ut av dei forslag som kom inn.

Juryen tok denne slutninga



Brattvåg Rotary sin kulturpris for 2004 skal gå til Anbjørg Hellevik og Sølvi Kjerstad. Kulturprisen

blir gitt dei to for barne og ungdomsarbeid gjennom 25 år. Anbjørg og Sølv tak over barneforeninga frå Løvsøya i 1979 og har dermed 25 års jubileum i år. For 19 år sidan starta dei Tirsdagsklubben for dei dei frå 5. klasse og oppover til og med ungdomsskulen. Den fyrste tida var det ein klubb, men det gjekk ikkje lenge før den vart delt i to avdelingar. 5 - 7 klassingar i ein klubb og ungdomsskuleelevar i ein klubb.

Barneforeninga er no tilslutta Normisjon og har sin årlege basar i mars. På samlingane sine har dei alltid noko å bite i og Anbjørg og Sølv baka mange år sirupskake til heile gjengen. No har dei gått over til potetgull og brus, men av og til blir det servert pizza på klubkveldane.

I Tirsdagsklubben har dei aktivitetar som song, andakt og konkuransar og spel av ymse slag. Tirsdagsklubben er innmeldt i Sunnmøre Indremisjon og i alle åra bibelkonkuransen "Salamon" har vore arrangert, har Tirsdagsklubben frå Løysøya stilt lag

Attom alt dette ligg eit stort arbeid, eit utaldande tolmod og ein indre trøng til å vere med å gi born og ungdom livsverdiar, verdiar som vil bli dei til hjelp seinare i livet.

### Kulturprisutdelinga for arbeid med barn og unge

var den 23. mars 2004 på Lepsøy bedehus. Robert Seth opna tilstellinga som vart arrangert i høve utdelinga av prisen. Bedehuset var fylt til trengsel av bygdefolk og rotarianarar under prisutdelinga.



Seth var den som foreslo Anbjørg og Sølvi og i sin opningstale la han serleg vekt på det store arbeidet dei har lagt ned der drivkrafta har vore ein indre trøng til å gi dei gode livsverdiar. Han samanlikna arbeidet deira med visa til Jakob Sande, om Vesle Daniel som skulle ut i verda.

Med salmen "Han tek ikkje glansen av livet" av Trygve Bjerkreim, opna seremonien. Med stor songglede heidra Barneforeninga og koret Spirit sine leiarar med songar både på engelsk og norsk. Publikum fekk dermed både sjå og høre noko av resultatet av arbeidet dei to har skapt i bygdesamfunnet..

Presidenten i Brattvåg Rotary, Harald Gudbrandsen fortalte om rotary som er ein internasjonal organisasjon. Korleis den er oransert og dei tenestegreiner Rotary er bygd på. Videre fortalte han om vårt motto som er "Service about self" og korleis ein kan oppnå dette målet. Han tok også fram nokre saker Rotary arbeider med, slik som Handicamp, Polio Pluss, ungdomsutveksling og mange andre ting. Likeeins om dei aktivitetar både lokalt, nasjonalt og internasjonale, arrangement, dugnadsarbeid og ymse turar. Grunnlaget for kulturprisen som i år er på kr.10.000.00.

Brattvåg Rotary si grunngjeving for tildeling er vinnarane sitt utretteleg arbeid mellom born og ungdom gjennom mange år. Dette er eit tilbud som gir livsverdiar og skapar eit samhald - ikkje berre blant dei unge, men også for heile lokalsamfunnet. Det er ikkje sikkert dei ser det sjølve, men dei er i høg grad med på å oppretthalde busettinga på Løvsøya.

Eg er sikker på at dei som har fått nytte dette tilbuet vil sjå tilbake på denne tida med glede og huske på Anbjørg og Sølvi.



Harald Gudbrandsen, Anbjørg Hellevik og Sølvi Kjerstad

**Dette er ei stor ære, og eg hadde aldri trudd at to kjerringar frå Levsøya som driv misjonsarbeid kunne få kulturprisen, sa Anbjørg Hellevik. Ho fortalte også om den støtte borna hadde gitt henne då ho var kreftsjuk.**

**Det finst ikkje kjekkare ungar enn dei på Løvsøya, meinte Sølvi Kjerstad. Ho var svært glad for utmerkinga. Det var ikkje pengane som glede mest. Det at vi vart funne verdig til å få kulturprisen for arbeidet vårt.**

**To av dei eldste i Tirsdagsklubben bar også fram helsing og varm takk til dei to leiarane sine som alle desse åra hadde brukt så mykje av fritida si på barnelagsarbeid.**

*Kilde: Skriv frå Presidenten og frå Haramsnytt*

*Foto: Sindre Vik*